

## Instruks for skikkanemnda ved Fagskulen Vestland

Vedteke av styret for Fagskulen Vestland 26.04.2024

### Om skikkanemnda

Skikkanemnda skal ha følgjande samansetjing, jf. fagskuleforskrifta § 31:

- a) ein fagleg leiar eller tilsvarande funksjon
- b) to faglærarar
- c) to representantar frå praksisfeltet
- d) to studentrepresentantar
- e) ein ekstern representant med juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap.

Skikkanemnda vert nemnt opp av styret for Fagskulen Vestland. Medlemmane vert nemnt opp for tre år av gongen. Studentrepresentantane vert nemnt opp for eitt år. Fagleg leiar eller tilsvarande funksjon er leiar av nemnda, og har dobbeltstemme. Minst to tredelar av medlemmane skal vere til stades ved sakshandsaminga.

Skikkanemnda skal innrette seg etter fagskulelova § 26, fagskuleforskrifta kapittel 5, føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10 og om teieplikt i §§ 13 til 13 e, samt forskrift om studium ved Fagskulen Vestland. Forvaltningslova kapittel III til VI og VIII gjeld for avgjersler om skikkavurdering.

### Handsaming av saker i skikkanemnda

1. Ei skikkavurdering skal avdekkje om studentane i bestemte utdanningar har dei naudsynte føresetnadene for å kunne utøve yrket dei er i ferd med å utdanne seg til. Ein student er uskikka dersom eitt eller fleire av følgjande kriterium er oppfylt på ein slik måte at studenten i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og sikkerheit til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar:
  - a) studenten viser manglande vilje eller evne til omsorg, forståing, innleving og respekt for barn, unge og vaksne i sårbare situasjonar
  - b) studenten viser manglande vilje eller evne til å endre uakseptabel åtferd i samsvar med fagleg rettleiing
  - c) studenten opptrer ikkje i tråd med regelverk for helse, miljø og sikkerheit, prosedyrar og kvalitetssystem, og dette kan utgjere ein fare for liv og helse
  - d) studenten viser truande eller krenkande åtferd i studiesituasjonen, eller overfor barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar.
2. Fagskulen skal gjennomføre ei løpande skikkavurdering av alle studentane ved utdanningar underlagd skikkavurdering, gjennom heile utdanninga.
3. Ved tvil om ein student er skikka skal skikkaansvarleg i tillegg gjennomføre ei særskild skikkavurdering av studenten. Dersom oppfølginga hos skikkaansvarleg ikkje medfører den naudsynte endring og utvikling hos studenten, skal skikkaansvarleg fremje saka for skikkanemnda.

4. Saker som vert fremja for skikkanemnda skal følgjast av all skriftleg dokumentasjon i saka. Nemnda skal gjere vidare utgreiing av saka dersom dette er naudsynt.
5. Studenten skal varslast i god tid om tidspunktet for møtet i skikkanemnda, og skal gjerast kjent med opplysingane i saka. Studenten skal ha høve til å leggje fram sine synspunkt for nemnda før møtet.
6. Nemnda lager ei innstilling til fagskulen sin lokale klagenemnd med ei vurdering av om studenten er skikka eller ikkje, om studenten bør stengjast ute heilt eller delvis frå den aktuelle utdanninga, samt lengda på utestengingsperioden og eventuelle vilkår for at studenten skal få starte opp igjen på utdanninga. Usemje i nemnda skal grunngjevast og gå fram av innstillinga.
7. Det er den lokale klagenemnda ved fagskulen som, på bakgrunn av innstillinga frå skikkanemnda, fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Vert det fatta eit slikt vedtak, kan klagenemnda også vedta at studenten skal stengjast ute frå utdanninga i inntil fem år. Ved kortare utestenging enn fem år kan klagenemnda stille vilkår som må vere oppfylte før studenten kan starte opp igjen på utdanninga. Vedtak om at studenten ikkje er skikka for yrket og eit eventuelt vedtak om utestenging skal fattast med minst to tredels fleirtal. Studenten har rett til å uttale seg før det vert fatta vedtak i saka.
8. Vedtak om at studenten er uskikka og eit eventuelt vedtak om utestenging kan påklagast av studenten til Nasjonal klagenemnd for høyere yrkesfaglig utdanning.
9. Det skal ikkje skrivast ut vitnemål for den aktuelle utdanninga til ein student som er funne uskikka for yrket.

## Lenkjer

<https://lovdata.no/lov/2018-06-08-28> Lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven)

<https://lovdata.no/forskrift/2019-07-11-1005> Forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften)

<https://lovdata.no/forskrift/2021-09-17-3061> Forskrift om studium ved Fagskulen Vestland

<https://lovdata.no/lov/1967-02-10> Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)